



## Stad kommune / 5. des. 2024

### Informasjon frå kommunedirektøren

#### Status og situasjon for Stad kommune sin økonomiplan

Formannskapet i Stad har no lagt ut økonomiplanen for perioden 2025 – 2028, med budsjettet for 2025, til høyring før vedtak i kommunestyret 13. desember 2024.

Stad kommune sin økonomiske situasjon er no svært krevjande. Frå 2026 og ut økonomiplanperioden året 2028 vil vi ikkje lenger ha midlar til å oppretthalde kommunen sitt driftsnivå. Det betyr at det er nødvendig å endre måten vi driv og organisere arbeidet vårt på, og at vi alle må bu oss på omstillingar både i året og åra som kjem.

Gjennom endring og omstilling vil vi kunne legge til rette for at Stad kommune har økonomi til å levere forsvarlege tenester til innbyggjarane også i åra som kjem, og bidra til at Stad kommune framleis er ein god stad å bu og leve.

Bodskapen om at vi må bu oss på nye endrings- og omstellingsprosessar vil forståeleg nok vekke ulike kjensler hos kvar enkelt tilsett, fordi jobben og arbeidsoppgåvene er viktige for oss. Det er først når kommunestyret har gjort sitt vedtak 13. desember at eg som kommunedirektør veit kva økonomiske rammer og føringar vi skal jobbe etter framover, og kva retning og omfang omstillingane vil ha.

Eg vil kome tilbake med ny informasjon til deg som tilsett etter kommunestyremøtet 13. desember 2024.

Ingen endring vil bli iverksett i år. Arbeidet med endrings- og omstilling vil formelt starte i januar 2025 og vil bli både planlagt og gjennomført innanfor rammene av lov- og avtaleverk, der tillitsvalde og verneombod vil vere sentrale partar i dei ulike prosessane.

Gjennom godt partssamarbeid, dialog og medverknad ønsker vi å få til ei god og føreseieleg omstilling som på kort og lengre sikt vil gje drifta av tenestene betre berekraft.

Med helsing  
**Kristine Dahl**  
Kommunedirektør



#### Fakta om økonomi

Formannskapet i Stad har no lagt ut økonomiplanen for perioden 2025 – 2028, med budsjettet for 2025, ut til høyring før vedtak i kommunestyret 13. desember 2024.

Økonomiplanen synleggjer kommunen sin forventa ressursbruk i den komande fireårsperioden. Den forventa ressursbruken ligg langt over i kostnad enn det kommunen har av forventa inntekter til drift.

Allereie til neste år, forventar vi at Stad kommune manglar kr 83 millionar for å kunne ha ein balanse mellom forventa ressursbruk og forventa inntekter. Dette beløpet vert større kvart år fram mot 2028. Det vert føreslått å nytte kommunen sine oppsparte midlar (fond) til å skape balanse mellom inntekter og utgifter i dei neste 1 ½ åra. Etter den tid vil kommunen vere tom for oppsparte midlar, og vi vil frå 2026 og ut økonomiplanperioden ikkje ha midlar til å oppretthalde kommunens driftsnivå.

Ei slik planlegging er ikkje lov etter kommunelova, og vil også vere grunnlaget for at kommunen vil bli innmeldt i det såkalla ROBEK-registrert. Noko som inneber at kommunen innanfor visse område vil vere underlagt statleg styring.

Ei større utfordring enn ROBEK, er at Stad kommune ikkje lenger har økonomi til å oppretthalde dagens driftsnivå.

Av den grunn ber Stad kommunestyre om at kommunedirektøren startar opp endrings- og omstellingsprogrammet "Berekraftig økonomi 2025 - 2028" i tråd med dei opplysingane som går fram av saksutgreiinga her. Stad kommunestyre vil fastsetje rammer og innhald for programmet snarast råd, og ber om at kommunedirektøren førebu eit mandat og ei programskisse for innhald og organisering.

Tillegg til punkt 9: Kommunedirektøren må som ein del av dette, førebu ein heilsakleg gjennomgang av strukturane i heile Stad kommune. Dette femnar m.a. om sentraladministrasjonen, kultur og samfunn, helse og omsorg og oppvekst. Kommunedirektøren må også førebu arbeidet med ny eigarskapsstrategi inkludert gjennomgang av formål og struktur i Stad energi- og egedomsutvikling».